



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest v/Eli Marita Vik Næss  
Sak nr.: 18/2232-1

## **Fordeling av midlar til mindre utbetringer - tiltak for framkome og trafikktryggleik 2018**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Midlar til mindre utbetringer – tiltak for framkome og trafikktryggleik i 2018 vert fordelt slik:

Fv. 243 Bell-svingen i Aurland:	5,0 mill.kr
Fv. 422 Nye møteplassar i Gauldalen:	1,0 mill.kr
Fv. 609 Nye møteplassar i Askvoll:	1,0 mill.kr
Fv. 241 Utviding av møteplassar Bakka i Aurland:	0,4 mill.kr
Fv. 622 Utviding - snuplass Torheim i Eid:	1,0 mill.kr
Fv. 698 Blakset – Blekesvingen, møteplassar i Stryn:	4,0 mill.kr
Ufordelte midlar:	2,6 mill.kr

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

FT-sak 57/2017 Regional transportplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018-2027  
FT-sak 59/2017 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Det er i budsjettet for 2018 sett av 15 mill.kr til Tiltak for framkome og tryggleik under posten Mindre utbetringer. I denne saka gjer vi framlegg til korleis desse ufordelte midlane skal nyttast i 2018.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for 2018-2027 i sak 57/2017. Her vart det sett av midlar til Tiltak for framkome og tryggleik under posten Mindre utbetringsstiltak.

I samband med Fylkestinget si handsaming av budsjett for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 vart det løyvd 15 mill.kr til Tiltak for framkome og tryggleik under posten Mindre utbetringer i kvart av åra 2018-2021.

#### Sentrale problemstillinger

Prioritering av midlar til Tiltak for framkome og tryggleik tek utgangspunkt i Regional transportplan for 2018-2027. Her står det følgjande side 73 under dette punktet:

«Årleg løyving på 15 mill.kr for å løyse utfordringar/flaskehalsar knytt til framkome og trafikktryggleik på enkelpunkt.»

I samband med fylkestinget si handsaming av Regional transportplan vart det gjort vedtak om at prosjekt knytt til fv. 724 *Oldedalen* og fv. 615 *Hyen – Storebru* skal vurderast.

Desse prosjekta fekk tilført midlar til planlegging i samband med HS-sak 5/2018. Det vart her sett av kr 100.000 til kvar av strekningane til prosjektavklaring. Prosjekta vil bli vurdert når midlane Tiltak for framkome og tryggleik skal for delast for perioden 2019-2021.

I framlegg til fordeling av midlar har Statens vegvesen prioritert prosjekt som let seg gjennomføre i 2018.

Statens vegvesen føreslår at midlane vert fordelt slik:

Tal i 1000-kr 2018-verdi		Kommune	Investerings behov	2018
Fv. 243 Bell-svingen	Aurland	5 000	5 000	
Fv. 422 - nye møteplassar	Gaular	1 000	1 000	
Fv. 609 nye møteplassar mellom Størdal og Stongfjorden	Askvoll	1 000	1 000	
Fv. 241 Bakka - 5 stk. møteplass - utbetring	Aurland	400	400	
Fv. 662 Snuplass Torheim, Utviding	Eid	1 000	1 000	
Fv. 698 Blakset- Blekesvingen, møteplassar	Stryn	4 000	4 000	
Ufordelte midlar			2 600	
<b>Mindre utbetringer - fordelt i samsvar med ramme</b>				<b>15 000</b>

#### Fv. 243 Bell-svingen i Aurland kommune

Dette er på strekninga frå Aurland opp mot Stegastein, ei strekning med mykje busstrafikk på sommaren. Det er trøng for å utbetre slyngen og byggje ny møteplass nedanfor svingen.



Arbeidet er allereie bestilt og vil bli gjennomført i løpet av året 2018.

Det er sett av 5 mill.kr til prosjektet.

*Fv. 422 – nye møteplassar i Gauldals kommune*  
Her skal det byggjast nye møteplassar.

*Fv. 609 nye møteplassar mellom Størdal og Stongfjorden i Askvoll kommune*  
Her skal det byggjast nye møteplassar

*Fv. 241 Bakka i Aurland kommune*  
Her skal 5 møteplassar utbetraast.

*Fv. 662 Snuplass Torheim i Eid kommune*  
Her skal eksisterande snuplass utvidast.

*Fv. 698 Blakset – Blekesvingen i Stryn kommune*  
Det vil bli auka trafikk i samband med bygging av ny tunnel på Blakset. I kostnadsoverslaget for tunnelprosjektet er det lagt inn midlar til forsterking av vegen frå rv. 15.

Statens vegvesen foreslår 4 mill.kr til bygging av møteplassar for å betre framkoma på strekninga.

#### *Ufordelte midlar*

Vi vil kome tilbake til fordeling av desse midlane i samband med tertialrapporteringa.

## **2. Konklusjon**

Fylkesdirektøren sluttar seg til vurderingane til Statens vegvesen. For å greie å omsette løyvinga til Tiltak for framkome og tryggleik under posten Mindre utbetringer i 2018, må vi prioritere prosjekt som er komne så langt at dei let seg lyse ut og byggje i år.